

**Sakshandsamar:**

Eva Moberg  
E-post: [eva.moberg@sfj.no](mailto:eva.moberg@sfj.no)  
Tlf.: 90591452

**Vår ref.**

Sak nr.: 16/7864-2  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

23010/17

**Dykkar ref.****Dato**

FØRDE, 08.06.2017

**Notat**

**Til:** Hovudutval for næring og kultur

**Frå:** Fylkesdirektøren

**Arkeologiske undersøkingar - lovverk og kostnadsdekking**

Fylkesdirektøren viser til orienteringssak på HNK-møte 4.april 2017. Det vart der avtalt at vi skulle komme tilbake til utvalet med eit notat som omtalar nemnde tema.

Arkeologiske kulturminne er freda i medhald av *Lov om kulturminne*. Alle kulturminne frå oldtid og mellomalder eldre enn år 1537 er automatisk freda.

[www.lovdatab.no/all/nl-19780609-050.html](http://www.lovdatab.no/all/nl-19780609-050.html)

Fylkeskommunen fekk overført statleg delegert mynde for automatisk freda kulturminne i 1990. Ansvarsdelinga i kulturminneforvaltninga er regulert i *Forskrift om fagleg ansvarsdeling*.

<http://www.lovdatab.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-19790209-8785.html>

Ved planlegging av offentlege og private tiltak, har ein plikt til å undersøke om tiltaket vil verke inn på automatisk freda kulturminne. Dette er nedfelt i § 9 i kulturminnelova og vert omtalt som undersøkingsplikta. For oppfylling av denne plikta skal plan for tiltaket sendast fylkeskommunen for uttale. Oversending av planar frå kommunane utgjer hovudtyngda av desse sakene.

Dersom det vert behov for å gjennomføre arkeologiske registreringsundersøkingar, skal tiltakshavar dekke kostnadane. Dette gjeld som hovudprinsipp og er nedfelt i § 10 i kulturminnelova. Det er likevel nokre unntak frå dette hovudprinsippet.

I rundskriv T-2/07 *Dekning av utgifter til arkeologiske arbeider ved mindre private tiltak*, går det fram at staten skal dekke utgiftene til arkeologiske granskingar ved gjennomføring av mindre private tiltak. Døme på mindre private tiltak er opparbeiding av enkeltstående bustadtomt, garasje, tilbygg, hytte/fritidshus, brygge, grøfting på eigedomen, tilkomstveg m.m. Mindre private tiltak omfattar også nydyrking under 15 dekar og landbruksveg under 3 km.

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/md/vedlegg/kulturminner/t-2-07.pdf>

Elles gjeld generelt at dersom utgiftene til arkeologiske undersøkingar vert urimeleg tyngjande, kan departementet fastsetje at utgiftene heilt eller delvis skal dekkast av staten. Riksantikvaren gjer då ei vurdering av utgiftene til dei arkeologiske undersøkingane sett i høve til dei totale utbyggingskostnadane.

Undersøkingsplikta relaterer seg til gjennomføring av planlagde tiltak. Dersom du tilfeldig gjer funn på eigedomen din (til dømes ved hagearbeid eller pløying), skal dette rapporterast til fylkeskommunen. Fylkeskommunen prioriterer alltid å gjere ei rask avklaring av funna. Dersom det vert behov for arkeologiske undersøkingar, dekker staten kostnadane. Du må med andre ord ikkje betale for desse undersøkingane.